

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
STRANDA HAMNEVESEN KF KOMMUNESTYRET	11.11.2021	059/21

Saksansvarleg: Styreleiar Per Erik Dalen		
Saksbehandlar: Rita Berstad Maraak	Arkiv:	Arkivsaknr 21/943

Stranda hamnevesen - budsjett 2022, prisar 2022 og økonomiplan 2023 - 2025

Hamnesjef si tilråding til styret 11 november 2021

1. Bevilgningsskjema drift del 1 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke.
2. Bevilgningsskjema drift del 2 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke.
3. Bevilgningsskjema investering del 2A 2022 – 2025 vert vedteke.
4. Investeringar vert å finansiere med ubrukte lånemidlar og låneopptak
5. Det vert ikkje lagt opp til å betale inn ekstraordinære avdrag på lån eller utdeling av utbytte.
6. Prisar, vederlag og forretningsvilkår 2022 vert vedteke.

11.11.2021 STRANDA HAMNEVESEN KF

Framlegg under møtet

Omforeint framlegg:

Investeringar vert å finansiere med låneopptak

Budsjett 2022 har ikkje teke høgde for eventuelt nye korona restriksjonar.

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret samrøystes

STHA- 059/21 Vedtak:

1. Bevilgningsskjema drift del 1 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke.
2. Bevilgningsskjema drift del 2 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke.
3. Bevilgningsskjema investering del 2A 2022 – 2025 vert vedteke.
4. Investeringar vert å finansiere med låneopptak.
5. Det vert ikkje lagt opp til å betale inn ekstraordinære avdrag på lån eller utdeling av utbytte.
6. Prisar, vederlag og forretningsvilkår 2022 vert vedteke.

7. Budsjett 2022 har ikkje høgde for eventuelt nye korona restriksjonar.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda hamnevesen KF skal legge fram eit forsvarleg drifts- og investeringsbudsjett for 2022, samt økonomiplan og investeringar for 2023 – 2025. Dette vert gjort i medhald av Lov om Kommuner kap. 9 § 9-8, havne- og farvannsloven § 32 og budsjett- og regnskapsforskrifta til kommunelova, kap.7. Dette kapittelet fastset særregler for kommunale og fylkeskommunale foretak som driv næringsverksemd.

Saksopplysningar

Budsjett, utfordringar og mulige tiltak har vore diskutert den 01.09 2021 og 7.10 2021.

Stranda hamnevesen KF er ein del av det kommunale rettssubjektet, men det skal etablerast eit reknskapsmessig skilje mellom hamneverksemda og kommunen si verksemd, jf. havne- og farvannsloven § 32, andre ledd. Kommunen skal holde inntekt og kapital i hameversemda reknskapsmessig adskilt frå kommunen si øvrige verksemd. Reglane i havne- og farvannsloven § 32 må og lesast i samanheng med kommunelova og den nye budsjett- og regnskapsforskrifta, kap.7.

Ny havne- og farvannslov opnar som kjent opp for utbytte. Skal ein ta utbytte bør ein ha eit realistisk bilde av den finansielle situasjonen i foretaket. Her er det nok berre reglane i reknskapslova som gjev eit komplett bilde og det er styret som må gjere ei vurdering og anbefaling til eigar, jf. havne- og farvannsloven § 32 fjerde ledd.

*«Uttak av overskudd eller anna utdeling av midler fra kommunal hamneverksemd organisert som aksjeselskap, interkommunalt selskap eller kommunalt foretak kan berre besluttast av foretaket sin eigar **men** etter forslag frå styret.»*

Stranda hamnevesen gjorde følgjande vedtak den 7.10 2021

- Prisar og vilkår for 2022 vart vedteke.
- Utkast budsjett og økonomiplan vert lagt fram i styremøte 11 november 2021.
- Lånevedtak 2021 vert oppheva og lagt inn i budsjett 2022.
- Rente på deler av lånet vert endra til fastrente på 5 år.
- Styret ber økonomisjef vurdere om foretaket må betale avdrag på ubenyttta lån

Vurdering

Stranda hamnevesen KF ser fram til at at Geirangerfjorden skal bli utsleppsfri, og meiner at dette på sikt vil styrkje destinasjonen som grøn og berekraftig. Dette vil og bidra til å gjere Norge sitt reiselivsikon endå meir attraktivt.

Dessverre går ikkje den teknologiske utviklinga raskt nok til at ei omstillinga går knirkefritt. Ein utsleppfri grøn verdsarvfjord forutset difor at det:

- i. vert investert i infrastruktur for utsleppsfrie løysningar (kraft/ hydrogen)
- ii. smidige overgangsløysningar med Tier II krav i ei innsegling til Hellesylt cruise kai, som ligg utanfor verdsarvområdet, og
- iii. tiltak for å sikre at cruisepassasjerane ikkje vert transportert til Geiranger med bussar som ikkje er utsleppsfrie, og på vegar som ikkje er dimensjonert for ein omfattande busstrafikk.

Vi ser allereie no at trafikk vert flytta til nærliggande hamner og det vert interessant å sjå korleis andre kommuner, turoperatører og rederi løyser dette. 70 – 80 av anløpa som kunne ha vore i vårt sjøområde er flytta på grunn av TIER II kravet i 2022.

Stranda kommune, næringsliv og hamnevesen har lite inntekt og er inne i ei kritisk fase med bakgrunn i COVID-19, mangel på avklaringar etter 1.1 2025 og eit vedtak om nullutslepp frå 1.1 2026.

Inntekter

Det kan sjå ut som vi får eit tilnærma normalt driftsår i 2022 med første anløp av cruiseskip i april og ei avslutning i oktober. Totalt ca. 157 anløp og det er forholdsvis store fartøy med ei total bruttotonnasje på ca. 14 000 000. Når det gjeld øvrig passasjertrafikk i fjordsystemet vert det lagt opp til tilnærma same antall passasjerar som i 2019. Dette gjeld også for utleige av kaiplassar.

Prognoser for 2023 er på nivå med 2022, men frå 2024 er det noko uklart korleis situasjonen vil bli. I prosjektet «Grøn kai» vurderer vi ulike løysningar som gjeld distribusjon og logistikk.

Prisar 2022 er fastsett av styret i Stranda hamnevesen, men hamnesjef anbefalar at desse ligg ved budsjettsaka. Prissystemet er uendra.

Utgifter

Det må leggest opp til ei tilfredstillande administrativ bemanning. Drift av Geiranger cruiseterminal og Hellesylt cruise kai må vurderast og her må ein ha nødvendig bemanning.

Vidare må ein ha eit ekstra vedlikehald av kaier og anlegg etter to år med redusert drift og lite trafikk.

Faste utgifter, avgifter og lisensar går som normalt. Kjøp av tenester/ avtaler med andre må vurderast.

Datakommunikasjon må fungere og vi legg opp til ei ny nettside.

Kommunikasjon internt og eksternt må fungere og vi må ha tilfredsstillande kontakt med, og oppfølging av kunder.

Økonomiplan 2023 – 2025

Det er utfordrande og usikkert pr. oktober 2021 å setje opp ein fagleg begrunna økonomiplan på inntekter og utgifter i perioden 2023 – 2025.

Investering

Eigar v/ ordførar til stades i styremøte 1 september 2021 der utfordringsbildet og mangel på avklaringar vart diskutert. Ein viktig føresetnad er at hamnevesen og kommune får ei avklaring frå Stortinget når det gjeld å få opna strekninga på 10,15 Nm i Sunnylvsfjorden, slik at vi får ta i mot TIER II skip i Hellesylt. På same tid må vi ha tilgang på meir kraft i heile sjøområdet – utan kraft vil det meste stoppe opp.

Dersom ein får denne avklaringa må det takast høgde for både i drifts- og investeringsbudsjett:

- å utbetre infrastruktur for mottak av mindre fartøy og fritidsfartøy i Geiranger
- å legge til rette for distribusjonskaier i Hellesylt og på Stranda
- å legge til rette for mottak av større fartøy på Stranda

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
12.11.2021	Prisar og forretningsvilkår 2022 vedteke 11.11 2021	315363
17.11.2021	Stranda hamnevesen Budsjett 2022 og økonomiplan 2023 - 2025 drift og investering	315870

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Lov om Kommuner kap. 9§ 9-8, havne- og farvannsloven § 32 og budsjett- og regnskapsforskrifta til kommunelova, kap.7.